



Det er i dette oimrådet "tunnelveggen" mot fjorden skal fjernast. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er ein strekning på om lag 400 meter vegetasjon som vil bli fjerna mellom riksvegen og fjorden i Ljosneslia frå slutten av denne månaden.**

Det opplyser prosjektleiar Vidar Jørdre i Skogeigarlaget Vest til uskedalen.no i samband med at samarbeidsprosjektet om skogrydding no kjem i gang att etter stillstand ei tid.

Strekninga startar der bebyggelsen sluttar like vest for steinknuseverket.

- Det vil bli avskoga der vegetasjonsbeltet er smalast. Jo nærare ein kjem Ljosnes jo breiare blir det og dermed meir strevsamt og dyrt å fjerna, seier Jørdre.

I samarbeid med kommunen har han plukka ut fleire stader der det kan vera aktuelt å hogga og avtale med seks grunneigarar er nærmast i hamn utan at Jørdre førebels vil gå ut med dei andre aktuelle stadene. I Ljosneslia blir ein grunneigar berørt og har altså stilt seg velviljug. Det har også dei andre som Jørdre har kontakta.

Dei seks avtalane vil sikra arbeid med dette prosjektet samanhengande utover heile hausten.

Når det gjeld finansieringa, er det kommunen saman med Søre Kvinnherad Skogeigarlag som sørger for den medan Skogeigarlaget Vest altså har teke ansvar for prosjektleiinga.

- Også Vegvesenet bør bidra til dette, seier grunneigarar som uskedalen.no har vore i kontakt med. Førebels har ikkje dei spytta i noko. Sjølv sagt er hovudeffekten av tiltaket at sikten og utsynet mot fjorden blir betre, men samstundes blir det betre oversikt og dermed større sikkerheit for trafikantane. Difor bør og Vegvesenet yta sitt, blir det understreka.

Av Ola Matti Mathisen



Slik er resultatet av innsatsen i fjor – mellom Rød og Ljosnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)